



Statens vegvesen

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Behandlende eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Unn Jenny Utne Kvam - 55516243

Vår referanse:
2015/069516-003

Dykkar referanse:

Vår dato:
24.09.2015

Vedrørende søknad om dispensasjon frå byggegrense langs E39 - gnr. 214 bnr. 126 - Fyllingsnes - Lindås kommune

Statens vegvesen har motteke søknad om dispensasjon frå byggegrense langs E39. Kopi av søknaden vert etter ettersendt per e-post.


Saka gjeld

Det er søkt om å bygge på ein etasje i høgda (påbygg), samt nokre mindre tilbygg, på gnr. 214 bnr. 126. Det er opplyst at det framleis berre er tenkt å vere ei bueining i bygget.


Aktuell eigedom er uregulert, og ligg i område for bustad i kommuneplanens arealdel (jamfør nordhordlandskart.no).

Nesten heile den aktuelle eigedomen ligg i støysona langs E39, delvis i raud sone og delvis i gul sone, jamfør kartutsnittet nedanfor.

Eksisterande bygg på eigedomen har fasade ut mot raud støysone. Påbygg og tilbygg vil også vende mot denne sona. Berre ein mindre del av eigedomen ligg utanfor både raud og gul støysone.



Kartutsnitt med støysoner.



Utsnitt fra situasjonsplan vedlagt søknaden.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Tel: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadso
Telefon:
Telefaks:

I retningslina for handsaming av støy i arealplanlegging (T-1442/2012) står det mellom anna følgjande om raud støysone:

Rød sone angir et område som på grunn av det høye støynivået er lite egnet til støyfølsomme bruksformål. I rød sone bør kommunen derfor ikke tillate etablering av boliger, sykehus, pleieinstitusjoner, fritidsboliger, skoler og barnehager. Kommunen bør også være varsom med å tillate annen ny bebyggelse eller arealbruk med støyfølsomt bruksformål.

(...)

Kommunen kan i enkeltilfeller vurdere å tillate gjenoppbygging, ombygging og utviding av eksisterende bygninger i rød sone dersom det ikke blir etablert flere boenheter.

Om gul støysone står det mellom anna:

Ved etablering av nye bygninger med støyfølsomt bruksformål i gul sone, skal kommunen kreve en støyfaglig utredning som synliggjør støynivåer ved ulike fasader på de aktuelle bygningene og på uteoppholdsareal. Utredningen skal foreligge samtidig med planforslag i plansaker eller ved søknad om rammetillatelse i byggesaker.

Utredningen bør belyse innendørs og utendørs støynivåer ved alternative løsninger for plassering av bebyggelse, og aktuelle avbøtende tiltak. Det skal legges vekt på at alle boenheter får en stille side, og tilgang til egnet uteoppholdsareal med tilfredsstillende støyforhold.

Førebels vurdering

Statens vegvesen er i utgangspunktet kritisk til utviding av bustad som ligg i eit så støyutsett område som det her er snakk om. Sjølv om det ikkje er planlagt nye bueiningar, vil eit større bygg legge til rette for at fleire kan bu i eit område med støyplager. Støy frå vegtrafikk kan påverke både helse og trivsel.

Eksisterande bygg på eigedomen er soikt utvida med ein ny etasje samt tilbygg. Dette er ei omfattande utviding som i praksis kan vere av same storleik som ei ny bueining. Vi stiller spørsmål ved om støyretningslina si opning for utviding av eksisterande bygningar i raud sone er meint å omfatte enkeltsaker der det vert soikt om utviding av slik storleik.

Vidare saksgang

Før Statens vegvesen handsamar søknaden om dispensasjon frå byggegrensa, ber vi om ei tilbakemelding frå kommunen på korleis den som plan- og bygningsstyremakt stiller seg til søknaden.

Plan og forvaltning - Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik
Odd Høydalsvik
sjefingeniør

Unn Jenny Utne Kvam
Unn Jenny Utne Kvam